

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.05.2014

Vår ref.: 201400807-2

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Magne Geir Verlo (mgv@nve.no)

22 95 95 34

Høyring - søknad om konsesjon for bygging av Skytjedal pumpe - Simavassdraget - Eidfjord kommune - Hordaland

NVE har motteke søknad frå Statkraft Energi om konsesjon til bygging av Skytjedal pumpe i Simavassdraget.

Skytjeelva er eit sidevassdrag i Simavassdraget, og øvre deler av nedbørfeltet vert gjennom eit bekkeinntak på kote 945 teke inn på overføringstunnelen mellom Sysenvatn og Rembesdalsvatn. Søknaden omfattar bygging av pumpestasjon i austenden av Skytjedalsvatnet, som ligg på kote 837 og pumpe tilsiget via nedgravd rør på omlag 3 km opp i overføringstunnelen. I planen inngår også permanent heving av vasstanden i Skytjedalsvatnet med 0,25 m for å etablere eit mindre magasin i vatnet. Det er utrekna ein netto energigevinst på ca 26 GWh/år som blir innvunne i Sy-Sima kraftverk.

Straum til drift av Skytjedal pumpe er planlagt med ei avgreining frå eksisterande 22 kV kraftlinje som går til Rembesdalsdammen. Avgreininga får ei lengd på ca 2,3 km og er planlagt i ein kombinasjon mellom luftlinje og kabel i Skytjedalsvatnet.

For ytterlegare utgreiing om tiltaket vert det synt til søknaden og konsekvensvurderinga.

Søknaden gjeld konsesjon etter vassdragsreguleringslova § 2 og vert handsama etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Den blir kunngjort av NVE, og kopi av kunngjeringa følgjer vedlagt. Det er vidare søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg knytt til pumpe og kraftverk. Endeleg er det søkt om løyve etter forureiningslova for gjennomføring av tiltaket.

Søknaden med konsekvensvurdering er tilgjengelege på internettsida til NVE: www.nve.no/Vannkraft. Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av søknaden og konskven kan dei kontakte Statkraft Energi v/Rolf Y. Jenssen pr. e-post: rolf.jenssen@statkraft.com eller tlf 53 67 30 60.

Vi viser elles til vedlagt informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi ber Eidfjord kommune om å kunngjere saka på sine heimesider. Kommunen vil få tilsendt to eksemplar av søknaden med konsekvensvurdering pr post og vi ber om at desse vert lagt ut til offentleg gjennomsyn i kommunehuset fram til **31.august 2014**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Fråsegner kan sendast enten via internett www.nve.no/Vannkraft, eller nve@nve.no eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast **31.08.2014**.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Magne Geir Verlo
senioringeniør

Vedlegg: Kopi av kunngjering,
Informasjonsark om sakshandsaminga

Kopi: Statkraft Energi AS, Postboks 200 Lilleaker, 0283 OSLO
Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO
Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 OSLO

Mottakerliste:

Bergen Turlag, Tverrgaten 4-6, 5017 BERGEN
Eidfjord kommune, Simadalsvegen 1, 5783 EIDFJORD
FNF Hordaland, Tverrgaten 4/6, 5017 BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hardanger Energi AS, Postboks 33, 5782 KINSARVIK
Hardangervidda Grunneigarsamskipnad v/Nils Bjørn Vistad, Pålerudbyen 72, 3516 HØNEFOSS
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Mattilsynet, Felles postmottak, Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL
Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM
Naturvernforbundet Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5811 Bergen
Norges Jeger- Og Fiskerforbund v/NJFF Hordaland, Tverrgaten 4-6, 5017 BERGEN
Norsk Ornitologisk Forening v/Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland, Boks 280, 5751 ODDA
Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Statnett SF, Postboks 4904 Nydalen, 0423 OSLO
Vannregion Hordaland, c/o Hordaland fylkeskommune
Vilreinnemnda for Hardangerviddaområdet, Sentrum 20, 3630 RØDBERG

Vedlegg

Norges vassdrags- og energidirektorat kunngjer

Søknad om bygging av Skytjedal pumpe i Eidfjord kommune

NVE har motteke søknad frå Statkraft Energi AS om konsesjon for bygging av Skytjedal pumpe i Simavassdraget i Eidfjord kommune.

Søknaden gjeld tiltak i vassdrag som er påverka av tidlegare kraftutbygging i Eidfjord, og omfattar bygging av Skytjedal pumpe i austenden av Skytjedalsvatnet. Formålet er å pumpe tilsiget til Skytjedalsvatnet opp i eksisterande overføringstunnel mellom Sysenvatn og Rembesdalsvatn. Det er vidare planlagt permanent heving av vasstanden i Skytjedalsvatnet med 0,25 m for å etablere eit mindre magasin. Tiltaket vil gje ein netto auke i energiproduksjonen i Sy-Sima kraftverk på omlag 26 GWh/år. Straum til Skytjedal pumpe skal framførast via ei om lag 2,3 km lang avgreining frå eksisterande 22-kV kraftlinje som går til Rembesdalsdammen.

Søknaden gjeld konsesjon etter vassdragsreguleringslova § 2 og blir handsama etter § 6 i same lov. I tillegg omfattar søknaden løyve etter energilova for elektriske anlegg.

Søknaden med rapport om konsekvensvurdering er tilgjengeleg på www.nve.no/vannkraft og er lagt ut til offentleg gjennomsyn i kommunehuset i Eidfjord fram til 31. august 2014. Den kan også sjåast hos Statkraft Energi i Eidfjord.

Om ønskjeleg kan ein få papirversjon av søknaden ved å kontakte Statkraft Energi v/Rolf Y. Jenssen pr. e-post: rolf.jenssen@statkraft.com eller tlf 53 67 30 60 / 24 06 70 00.

Merknader skal sendast, gjerne via internett www.nve.no/vannkraft, eller pr. e-post til nve@nve.no eller i brev til NVE - Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogeleg og seinast innan **31.08. 2014**.